

# Telemarkfestivalen

10.-14. AUGUST 2022

BØ I TELEMAR

**FY  
FELA  
SOM ME  
GLEDAR  
KÅNN!**

**FRIDA ÅNEVIK**

**Daniel Norgren**

**BJØRN TOMREN**

**ANNBJØRG LIEN & CATRIONA  
MACDONALD MED VENER**

Gjertruds sigøynerorkester & Helge Jordal  
med Akantus og Skien operakor ...og mykje meir!

## BILLETTAR OG MEIR INFO

Gullbring Kulturhus [www.gullbring.no](http://www.gullbring.no)

Tlf 35 06 03 90

[www.telemarkfestivalen.no](http://www.telemarkfestivalen.no)

# FY FELA FOR EIN FESTIVAL

## Billettar

www.gullbring.no  
tlf 35 06 03 90

Få med deg alt?  
Festivalpass: 2035,-

# Velkomen til Telemarkfestivalen 2022!

Fy fela som me har gleda kánn til **Telemarkfestivalen 2022** - ein festival som vil vere heilt fri for alle smittevernreglar og restriksjonar! No kan me endeleg fokusere heilt på det me skal gjere - nemleg skipe til ein fantastisk festival med unike og magiske augneblinkar!

Telemarkfestivalen har stor tru på den samlande krafta i musikken, og ónsker alle velkomen til ein festival litt utanom det vanlege - ein festival med mangfaldig og livskraftig folkemusikk. **Velkomen!**

## Med beste helsing.

Evy Beate Stykket, Heidi Elise Klokkehaug, Idrak Abbasov, Anders Hefre, Torgeir Gullbekk Hansen, Gudrun Straand, Evelyn Utigard, Kristoffer Mosfjeld og Kaja Bø Kaasa.

Styret og administrasjon

## Meir info

Eventuelle endringar og meir detaljert informasjon om programmet for årets festival finn du på festivalen sin nettstad [www.telemarkfestivalen.no](http://www.telemarkfestivalen.no) og på festivalen si Facebook-side.

## Spørsmål?

post@telemarkfestivalen.no  
Tlf 48 20 50 66  
[www.telemarkfestivalen.no](http://www.telemarkfestivalen.no)

Foto: Håvard Utter



## BJØRN TOMREN

ONSDAG 10. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 455,-

### 90 uforgløyemelege minuttar med Bjørn Tomren

Hausten 2021 imponerte Bjørn Tomren heile Noreg som den mest særleine artisten i den populære NRK-serien «Stjernekamp». Med eit unikt uttrykk og ei eineståande formidlingsevne blei Tomren omtala som den kulaste artisten i Stjernekamp gjennom tidene. Artisten, låtskrivaren og komikaren frå Tomrefjorden er også kjent frå den notoriske jodle- og trekkspelduoen Polkabjørn & Kleine Heine som trimma lattermusklane til publikum på Telemarkfestivalen i 2017 i nesten tre timar! I 2019 gav Bjørn ut sitt fyrste album, «Bad Science Fiction» til overveldande kritikkar. Avisa Bergens Tidende karakteriserte plata som «så mørk at ein kan drukne i den». Tomren sjølv kallar det dystopisk sci-fi-country som du kan lytte til i bakrus.

Som ein av landets mest allsidige musikarar spenner Tomren si musikalske rekkjevidde frå americana og religiøse folketonar til jazz, viser, jodling, strupesang, dialekt-punk og psykedelisk protestmusikk.

Stjernekamp er ikkje den fyrste konkurransen der Tomren gjer seg bemerkta. Han har òg vunne prisen som «Best Act of The Year» på legendariske Joe's Pub i New York, og i 2017 deltok han i verdsmeisterskapen i strupesang i Tuva der han vann ein bronsehest. I bandet til Tomren finn me òg bøhering Anders Bitustøyl.

Har du 90 minuttar til overs, så er dette definitivt ein av dei betre måtane å bruke dei på!

## Medverkande

**Bjørn Tomren** - vokal, gitar

**Åse Britt Johansen** - vokal, gitar

**Hans Olav Molde** - trommer, dobro, vokal

**Einar Sogstad** - tangenter, vokal

**Anders Bitustøyl** - bass, vokal



## Eit nytt og spennande møte med Ljose-Signe, Glima og Tårån i Tråppin

«Draum» er ei ny dramatisk sceneframføring basert på diktsyklusen med same namn av Sigurd Nes (1846-1915) og dei tre komposisjonane for hardingfele av Torkjell Haugerud (1876-1954). Handlinga dreier seg om dei tre gygrene Tårån i Tråppin, Glima og Ljose-Signe som heldt til i fjella rundt Flatdal. Sigurd Nes var seljording, medan Torkjell Haugerud var bøhering som seinare busette seg i Seljord. Dei tre gygrene kjem til nytt liv gjennom skodespelarane Hæge Manheim, Ingebjørg Buen og kvedaren Ingebjørg Lognvik Reinholdt, medan Anne Svånaug Blengsdalen, Ragnhild Knudsen og Torunn Raftevoild Rue står for musikken.

Legenda fortel at Olav Digre (Olav den heilage) var i Seljord og fekk bygd ei kyrkje, og lyste dei tre gygrene i bann så dei blei til stein. I denne framføringa møter me Tårån i Tråppin i Skorve, Glima i Rupedal på Mælefjell og Ljose-Signe i Bindingsnuten når dei vaknar opp etter ein 800 år lang svevn, og dei undrar seg over alt som har hendt og alle endringane dei ser.

Diktet skildrar striden mellom den gamle og den nye tid. Dei tre gygrene reagerer ulikt: Tårån likar ikkje den nye tida, Glima har resignert, medan Ljose-Signe vil blande det gamle med det nye. «Draum» er ein historie med tidlaus tematikk og heftig dramatik - det handlar om religion og verdiar, som òg i dagens samfunn er årsak til både lokale og internasjonale konflikter.

Framføringa er særskild støtta av Vestfold og Telemark fylkeskommune, Seljord kommune, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Seljord folkemusikklag, Sparebanken DIN, Alf Johansen AS, Telespinn og Uppigard Natadal. Me takkar!

Ønskjer du å få med deg både «Draum» og Norsk kvedarforum sin jubileumskonsert? Då kan du kjøpe ein eigen billett for begge konsertar!

## GYGRENE: «DRAUM»

TORS DAG 11. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 335,- / 495,-

**Medverkande**  
**Hæge Manheim** - Tårån  
**Ingebjørg Buen** - Glima  
**Ingebjørg Lognvik Reinholdt** - Ljose-Signe  
**Anne Svånaug Blengsdalen** - hardingfele/lyre/Tårån  
**Ragnhild Knudsen** - hardingfele/Glima  
**Torunn Raftevoild Rue** - hardingfele/Ljose-Signe



## NORSK KVEDARFORUM - 20 ÅR: JUBILEUMSKONSERT

TORS DAG 11. AUGUST :: FRAMSTUGO, GULLBRING :: KL 21.00 :: 285,- / 495,-

### Norsk kvedarforum feirar 20 år!

For 20 år sidan tok Agnes Buen Garnås initiativet til å starte ei interesseforeining for den vokale folkemusikken i Noreg. Ho såg behovet for eit eige forum som samla miljøet, og som arbeidde for å vidareføre songtradisjonane. Forumet skulle skape gode møteplassar og synleggjere denne delen av vår immaterielle kulturarv. I samarbeid med Telemarkfestivalen ønskjer foreininga å markere sitt 20-årsjubileum med ein eigen festkonsert med nokre av landets dyktigaste kvedarar. Konserten vil ta for seg foreininga si historie og den viktige rolla dei har hatt for å fremje den vokale folkemusikken over heile landet. Det gir mening at Norsk kvedarforum feirar sine første 20 år nettopp i Bø i Telemark. Det var her foreininga hadde sitt aller første møte. Halvor Håkanes og Jarnfrid Kjøk vil leie publikum gjennom konserten som vil ha innslag frå Ingvill Marit Buen Garnås, Rikke Christine Roseng, Vetle Tveiten Hoslemo og Lars

Fivelstad Småberg som representerer kvar sin tradisjon frå kvart sitt tradisjonsområde.

Festivalutstilling: Ein songar som har vore viktig for den vokale folkemusikken, er Talleiv Røymland (1897-1981) frå Lårdal i Telemark. Kunstnar Wenche Øyen kjende Talleiv og måla fleire portrett av han. Ho vil dele vakre og morosame historier frå hans siste leveår, som er ukjende for dei aller fleste. Hennar portrett vil stillast ut i foajéen i Gullbring kulturhus under Telemarkfestivalen.

#### Medverkande

**Ingvill Marit Buen Garnås** - kveding frå Telemark  
**Rikke Christine Roseng** - kveding frå Vestfold  
**Vetle Tveiten Hoslemo** - kveding frå Setesdal  
**Lars Fivelstad Småberg** - kveding frå Hallingdal  
**Jarnfrid Kjøk og Halvor Håkanes** - programleiarar

## FESTIVALKVISS MED TORGEIR

TORS DAG 11. AUGUST :: THE BULL INN :: KL 20.00 :: GRATIS!

### Festivalkviss på Bull!

I samarbeid med Bull Inn er me glade for å kunne invitere til ein akkurat passe vanskeleg festivalkviss. Kvissmester vil vere Torgeir Gullbekk Hansen, og spørsmåla vil som vanleg vere ei fin blanding av

musikkrelaterte spørsmål - og heilt andre tema! Det blir ein fin premie til vinnarlaget!

Kvissen startar kl 20:00, og vil vare i om lag to timar!



Foto: Gro B. Bjøland

## LARS-INGAR MEYER FJELD OG ALF TVEIT: «VENÅS-FELENE»

FREDAG 12. AUGUST :: FRAMSTUGO, GULLBRING :: KL 16.00 :: 285,-

Lars-Ingar Meyer Fjeld er ein av våre dyktigaste, unge utøvarar på hardingfele. Han er opphavleg frå Sandefjord, men har no gjort bøhering av seg. I tillegg til sjølve spelet er Meyer Fjeld òg svært interessert i felemakar-faget, og dei siste åra har han studert felemakeriet til Olav K. Venås (1877-1957) frå Gransherad. Resultatet av dette arbeidet kan no lesast i boka «Olav K. Venås - bygdegeniet og felemakaren frå Gransherad» som blei gitt ut i februar i år. I boka presenterer han Venås sitt liv og verknad

som felemakar. Boka er rikt illustrert med foto av både fele og felespelarar.

I denne konserten vil felespelarane Lars-Ingar Meyer Fjeld og Alf Tveit møtast til prat og spel med Olav K. Venås og feleane hans som tema!

### Medverkande

Lars-Ingar Meyer Fjeld - hardingfele

Alf Tveit - hardingfele



Foto: Knut Utler

## UngFolk

FREDAG 12. AUGUST :: FRAMSTUGO, GULLBRING :: KL 17.30 :: GRATIS!

## Høyr framtida i norsk folkemusikk allereie no

UngFolk kjem til Telemarkfestivalen med høge spark og spente bogar! UngFolk er eit sommarkurs for born og unge mellom 8 og 20 år. Denne konserten markerer

avslutninga på ei flott kursveke der deltakarane viser fram noko av det dei har lært.



Foto: Knut Utler

## OPNINGSKONSERTEN

FREDAG 12. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 365,- / 655,-

## Konfekteska med dei mange gode bitane

Opningskonserten vil gi publikum nokre smakebitar frå den deilege musikalske konfekteska som årets festivalprogram er. I år er det frivilligheita sitt år, og få - om nokon - har gitt meir av si tid til folkemusikken og folkedansen i Telemark enn Ellen B. Nordstoga. Ho vil opne årets festival med etterfølgjande innslag frå unge elevar i Vinje Spel og Dans. Anne Gravir Klykken vil vidare leie oss gjennom konserten med forrykande sigøynermusikk frå Gjertruds sigøynerorkester der sjølvaste Helge Jordal er gjest! Me vil møte spelsøstrene

Annbjørg Lien og Catriona Macdonald med felespel frå Noreg og Shetland i vakker harmoni. Mattis Kleppen kjem med slåttebasen, og Spellemann-nominerte Thov Wetterhus tek med seg munnharpa frå Uvdal. Elevar frå talentkurset «Folkemusikk fordjuping» er sjølvstøtt på plass. Spelemannslaget Bøheringen avsluttar kalaset og spelar publikum ut til dans i Framstugo!

**Velkomen til ei nydeleg konfekteska av ein konsert!**

### Meir info

Alle med billett til Opningskonserten kjem gratis på festivaldans i Framstugo etter konserten!

### GULLfredag

Få med deg heile kveldsprogrammet i Gullbring - kjøp samlebilletten «GULLfredag»!

## FESTIVALDANS

ME ORDNRAR MUSIKK, DU TEK MED DANSESKO, DANSEPARTNAR OG GODT HUMØR!

I år skal me endeleg få danse i lag igjen! Me legg opp til fleire flotte festivaldansar i løpet av helga:

### Festivaldans #1

**Framstugo, torsdag 11. august, ca kl 22:30**

Etter Norsk kvedarforum sin jubileumskonert må me sjølvstogt danse! Dansen er gratis!

### Festivaldans #2

**Framstugo, fredag 12. august, ca kl 21:00**

Etter Opningskonerten inviterer me til dans i Framstugo med Torgeir Straand som dansespel-maestro! Dansen er gratis for alle med billett til anna aktuelt fredagsprogram, men kostar 155 kr for alle andre!

### Festivaldans #3

**Bø torg, laurdag 13. august, ca kl 14:00**

Roheim-paraden kører i Bøgata kl 13:00, og etter paraden speler Spelemannslaget Bøheringen opp til dans på torget. Dansen er gratis!

### Festivaldans #4

**Galleri Stadskleiv, laurdag 13. august, ca kl 18:00**

Me varmar opp til laurdagskvelden med dans i Galleri Stadskleiv. Dansen er gratis for alle med billett til anna aktuelt laurdagsprogram, men kostar 155 kr for alle andre.

### Festivaldans #5

**Evju bygdetun, søndag 14. august, ca kl 13:00**

Sundagsdans på Evju bygdetun med oppvising frå Nes nasjonale dansarring og open dans etterpå! Dansen er gratis!

VI ER STOLT SPONSOR AV  
TELEMARKFESTIVALEN

SPIS MIDDAG FØR KONSERT  
I VÅR RESTAURANT



BØ HOTELL

Restaurant - Selskap - Overnatting



## ANNBJØRG LIEN & CATRIONA MACDONALD MED VENER

FREDAG 12. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 22.00 :: 335,- / 655,-

### Meistermøte mellom Noreg og Shetland

Annbjørg Lien og Catriona Macdonald har kjend kvarandre heilt sidan barndomen, då Catriona i lag med gruppa The Young Heritage og Tom (Tammy) Anderson frå Shetland besøkte Ålesund - der Annbjørg opphavleg er ifrå. Dei to har sidan halde kontakten både sosialt og musikalsk, med tett samarbeid mellom anna gjennom supergruppa, String Sisters. Catriona Macdonald er elles eit kjend namn for mange i Bø ettersom ho budde her i eitt års tid. No kjem ho «heim» ein tur for det som garantert blir ein fantastisk konsert i lag med spelsøster, Annbjørg Lien.

Historisk har både den kulturelle og musikalske lenka mellom Norge og Shetland vore sterk. I denne konserten vil Lien og Macdonald - i lag med eit knippe briljante muskarvener - syne fram desse lenkene gjennom både tradisjonelt og nykomponert materiale.

#### Medverkande

**Annbjørg Lien** - hardingfele, nykkelharpe

**Catriona Macdonald** - fele

**Inge Thomson** - trekkspel

**Tore Bruvoll** - gitar

**Rune Arnesen** - trommer, perkusjon

# SENTRUMSRINGEN

handelsstanden i Bø

ME TAKKAR NÆRINGSLIVET I BØ FOR STØTTA TIL FESTIVALEN!

Stebi  
HAIR & BEAUTY

& LOKALMEGLEREN  
PARTNERS

IDEA  
KOMPETANSE

akademika

elektropluss  
TELEMARK

KIWI mini  
pris



BØ BRØD

MURMESTER  
ESPEDALEN  
MEIR ENN MUR

ALMANKÅS  
TELEMARKSBUNADER

Søsterkollektivet  
by Steingarden

reklamebyrået  
superlativ

Brukås Sport AS

REMA  
1000

HOLTANKLINIKKEN  
TANNLEGER - TANNPLEIERE - SPESIALIST  
Tlf: 35 06 10 50


FARGERIKE  
Bø Maling as

Sentrum Vaskeri  
og Renhold AS

## TINGINGSVERKET: «DRAUMNJORUN»

FREDAG 12. AUGUST :: GALLERI STADSKLEIV, GULLBRING :: KL 23.30 :: 285,- / 655,-

### Primal energi og transcenderande rørsler



Det er tid for å sova, men du kjenner rytmene snike seg på og tek kontroll over kroppen. «Draumnjorun», eller draumhesten, er dvergane sitt navn på natta i Alvissmål. Med skeive tonar og takter lokkar musikarane Kenneth Lien og Jørgen «Center of the Universe» Skjulstad og dansekunstnarane Sigyn Åsa Sætereng og Hallgrim Hansegård fram stemningar og rytmer i seine nattetimer. Og om du blir dansesugen sjølv, blir det høve til å kaste seg utpå golvet med dei rørsle du har.

Musikken i Draumnjorun er tinga av Telemarkfestivalen og FRIKAR med støtte frå Kulturrådet. Konseptet er klubbkonsert med sceniske innslag og golvet blir opna for sosial dans etter kvart.

Ei av Telemarkfestivalen sine viktigaste oppgåver er å ta vare på og halde liv i folkemusikken, til glede både for oss her og no, og for kommande generasjonar. Folkemusikken er eit levande kulturuttrykk i stadig utvikling, og samstundes er den ein viktig del av kulturarven vår. Å ta vare på er å ta i bruk! Dette er i aller høgaste grad tilfelle når me presenterer årets tingingsverk. FRIKAR smeltar saman ryter frå folkedans og andre sjangrar med primal energi og transcenderande rørsler.

#### Medverkande

**Kenneth Lien** - hardingfele, munnharpe, elektronikk  
**Jørgen Skjulstad** - elektronikk  
**Hallgrim Hansegård** - koreografi, dans  
**Sigyn Åsa Sætereng** - koreografi, dans

Jørgen Skjulstad aka Center of the Universe snurrar plater utover festivalnatta etter tingingsverket.

Meir info

Tingingsverket er i samarbeid med Riksscenen og er særskild støtte av Norsk Kulturråd. Me takkar!

Foto: FRIKAR / Hallgrim Hansegård



## TORGFESTIVALEN - EIN FESTIVAL I FESTIVALEN

LAURDAG 13. AUGUST :: BØ TORG :: KL 11.00-16.00 :: GRATIS!

### Musikk, marknad og leik på torget!

Endeleg er alle restriksjonar og smittevernreglar borte slik at me kan kose kånn i lag på Bø torg! Me vil invitere alle born, unge, unge vaksne, vaksne og eldre vaksne til å delta på Torgfestivalen - ein festival i festivalen! Telemarkfestivalen sin eigen torgdag har blitt svært populær! Me gleder kånn til yrande folkeliv på torget med flotte gratiskonsertar, dans, spennande marknad og artige aktivitetar for store og små!

**Roheim-paraden på vegen igjen!**  
Meisterspelemann Anund Roheim budde lenge i Junaiten, og i tillegg til å spele hardingfele var han ein stor amcar-entusiast. Han tok med seg mange amerikanske glis heim til Bø! I lag med Eagle Car Club og Spelemannslaget Bøheringen er me glade for at Roheim-paraden nok ein gong vil køyre i Bøgata!

**Meir detaljert program for dagen kjem!**



## MATTIS KLEPPEN + THOV WETTERHUS

LAURDAG 13. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 14.00 :: 285,-

### Rocka slåttebass og munnharpe med fuzz

Thov Wetterhus frå Nore i Numedal har vunne landskappleiken på munnharpe ikkje mindre enn seks gonger sidan 2007! Det energiske og eggande spelet til numedølen har blitt ein favoritt blant både publikum, dansarar og dommarar dei seinaste åra, og debutplata hans "Stålslått" (2021) vart nominert til Spellemann-pris.

Mattis Kleppen frå Bø har patentert og perfektjonert slåtteospel på akustisk bass. Etter tingsingsverket «El Bokko» på Telemarkfestivalen i 2015 har Mattis Kleppen og hans Resjemheia spelt land og strand rundt med sin proggete folkrock - til stor begeistring for eit stadig større publikum. Kleppen vender likevel stadig tilbake til utgangspunktet - slåttar framført av han og den akustiske bassen. I vår gav han ut si andre solo-plate, «Svartufsen», og sjølv sagt kjem han og bassen heim til Bø.



Bø har fått ein ny konsertlåve heime hjå ekteparet Torgeir Hefre og Gyrid Kvaale. For fans av NRK-serien «Rådebank» er det snakk om same stad som bustaden til karakteren Ine. Konsertlåven osar av sjarm og vil gi fine rammer for det som blir ein spennande dobbelt-konsert med ny musikk frå Mattis Kleppen og Thov Wetterhus. Kanskje finn dei òg på noko sprell i lag?

**Obs!** Det er ikkje plass til mange bilar her, så kom gjerne gåande eller syklande!

**Medverkande**  
**Mattis Kleppen** - bassgitar  
**Thov Wetterhus** - munnharpe



Foto: Tommy Næverdal

## GJERTRUDS SIGÓYNERORKESTER & HELGE JORDAL

MED AKANTUS OG SKIEN OPERAKOR

LAURDAG 13. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 16.00 :: 335,-

### Gjertruds Sigóynerorkester og ein heil haug med gjester!

Det vert ein potpurri av sigóynar-musikk, korsong og generelt god stemning når Gjertruds Sigóynerorkester - forsterka med skodespelar Helge Jordal, Akantus og Skien operakor - kjem til Telemarkfestivalen med det som garantert kjem til å bli ei fantastisk konsertoppleving! Helge Jordal er ein av landets mest profilerte og særreigne skodespelarar. Han er òg ein utmerka vokalist med stor uttrykkskraft. Gjertruds Sigóynerorkester og Helge Jordal presenterer dikt, fortellingar, songar og musikk frå sigóyner- og taterkulturen. Helge Jordal formidlar dette på medrivande vis - med kjensle, autoritet og kraft. I denne heilt spesielle konserten får Gjertrud Sigóynerorkester dessutan besøk på scenen av koret Akantus frå Bø under leiging av Jakob Zethner, samt Skien Operakor.

Den aukande tilstrauming av fattige rom dei siste åra, både til Noreg og andre EU-land, har aktualisert og synleggjort det stigma sigóynarar og rom er

utsette for. I denne konserten ónskjer Gjertrud Sigóynerorkester og Helge Jordal å synleggjere at dette er menneske som er berarar av usedvanleg rike kulturelle tradisjonar som store deler av europeisk kulturliv har henta inspirasjon frå.

Konserten er i samarbeid med Villa Lunde.

#### Medverkande

**Helge Jordal** - vokal  
**Gjertrud Ókland** - fiolin  
**Georg Reiss** - klarinett, tárogató  
**Tom Karlsrud** - trekkspele  
**Pål Thorstensen** - kontrabass  
**Trond Villa** - bratsj  
**Helene Waage** - cello, song  
**Ernest Bangó** - cimbalom

Akantus og Skien Operakor under leiging av Jakob Zethner.

## FRIDA ÁNNEVIK

LAURDAG 13. AUGUST :: GULLBRING AMFI :: KL 19.00 :: 395,- / 655,-

Få med deg alle konsertene denne kvelden! Kjøp samlebilletten «Heilafte: Frida & Daniel»

### Endeleg Frida Ánnevik i Bø!

Det er mange som har spurd, og endeleg kjem ho til Bø og Telemarkfestivalen! Hausten 2020 feira Frida Ánnevik 10 år som artist, utøvande musikar og låtskrivar. Det er blitt fem eigne plater, mange konsertar, deltaking i «Hver gang vi møtes» på TV2, fine samarbeid, og nokre uventa svingar.

Då alt blei snudd litt på hovudet då pandemien kom i 2020, fann Frida saman med kollega Chris Holsten, og dei laga ein norsk versjon av verdshiten «If The World Was Ending». På norsk blei den til «Hvis verden» og teksten treffe ei djup nerve hos publikum i alle aldrar - der me satt heime utan klemmar, lite sosial omgang og følte at verda raste litt saman. Låta er stróymt meir enn 18 millioner gonger og blei kåra til «Årets låt» på Spellemannprisen i 2021 - Frida sin femte Spellemann-pris.

Etter mange konsertar gjennom dei siste to åra spelar Frida Ánnevik berre eit knippe utvalde festivalar denne sommaren. Me er sjólvsagt glade for at Telemarkfestivalen er ein av dei! Frida og bandet tar publikum med inn i ei verd med sterk musikalsk nerve, og framfører låtar frå heile karrieren til Frida!

Som ei oppvarming får publikum høyre ny musikk frå Symre Taugbøl Bang frå Morgedal - eller berre Symre som ho kallar seg.

#### Medverkande

**Frida Ánnevik** - vokal, gitar  
**Andreas Stensland Løwe** - tangenter  
**Haldor Røyne** - gitar


Konserten er særskild støtta av



#### Meir info

**NB!** Viss det blir meldt om kraftig regn laurdag 13. august, blir konsertane flytta frå Amfiet inn i Gullbringhallen. Dette blir varsla på Facebook, heimesider og med plakatar på festivalkontor og arenaer.





## DANIEL NORGREN

LAURDAG 13. AUGUST :: GULLBRING AMFI, :: ca 22.00 :: 395,- / 655,-

### Primitivt, rått og ekte!

Svenske Daniel Norgren er udiskutabelt ein av nabo-landet sine ypparste artistar, og han er kjend som ein som alltid gir alt på sine konsertar. Den primitive, rå og ekte krafta til Daniel Norgrens musikk har ført han på utselde turnear over heile Europa og i USA. No er turen komen til Bø i Telemark - som ein av svært få konsertar i Noreg denne sommaren!

Norgren har blitt skildra som en perfekt kombinasjon av Tom Waits og Jack White - med gitar drivne låtar forankra i både amerikansk gospel, roots, folk og blues, og klassisk svensk låtskrivar-tradisjon. Det er umogleg å ikkje bli fascinert av prestasjonane til den høgreste svensken som låtskrivar, gitarist og vokalist: og det blir sagt at ingen går urørt heim frå ein konsert med Daniel Norgren - ein perfekt match for Telemarkfestivalen med andre ord!


#### Medverkande

**Daniel Norgren** - vokal, gitar, munnspele, piano

**Anders Grahn** - bass

**Erik Berntsson** - trommer

**Andreas Filipsson** - gitar, orgel



## SLITENELITEN

LAURDAG 13. AUGUST :: FRAMSTUGO, GULLBRING :: ca 00.00 :: \*Same billett som Daniel Norgren

### Protestviser og folkepunk

Korleis kan ein endre verda? Nokre måtar å få det til på kan vere å putte oppdrettsfisk i alle fjordane i eit land og betale minimalt med skatt, sikre seg ein plass på invitasjonslista til fine middagar/strategimøte med statsrådar og andre med mykje pengar, eller kjøpe eit sosialt medium. Ingen av desse alternativa er (diverre?) innanfor rekkjevidda til nokon av dei seks damene som spelar i bandet Sliteneliten. Kva gjer ein då?

Ein kan til dømes rigge opp trommesettet, stemme gitarane, bassen, tverrfløyta og fela, reinske stemmen, og gaule ut på det venaste vossamål om korleis vi heller burde samlast, alle vi som ikkje er aksjemilliar-dærer eller er fødde inn i maktposisjonar, og saman endre alt til noko betre. Med poppete kraftballadar, folkete visesongar med 70-talsschwung, rockete rockelåtar og med tekstar så tett pakka av meining at vokalistene nesten rappar, byr Sliteneliten opp til dans på vollen og allsong om å krevje sekstimers

arbeidsdag, ete dei rike, gje bønder ordentlege vilkår, knuse kapitalen, og om å skape ei betre verd med fridom, hus og dus for alle, ikkje berre for dei få.

Heile tre av seks i bandet har no opp til fleire studiepoeng i folkemusikk, og har lært at ein ikkje berre kan kome her og kome her og påstå at ein spelar folkemusikk. Men no er dei jammen inviterte til å spele på Telemarkfestivalen - er dette å kome inn i varmen? Heitt og sveitt kan det i alle fall bli, om ein blir med og dansar og drikk øl till the world ends, eller i alle fall inn i sommarnatta saman med Sliteneliten!

#### Medverkande

**Maria Refsland** - bass

**Silje Strøm** - tverrfløyte

**Inga Haugdahl Solberg** - fele

**Thea Marie Kvam** - trommer

**Synneva Gjelland** - gitar, piano, vokal

**Ylva Gulpinar** - gitar

## SUNDAGSKURS

PÅMELDING ALLE KURS: POST@TELEMARKFESTIVALEN.NO

### **Kvedarkurs med Anne Gravir Klykken**

**Sundag 14. august :: Evju bygdetun :: Kl 11.00-14.00**  
335,- :: 10 plassar

Velkomen til kurs i folkesong frå Telemark! Kurset blir ei uhoøgtideleg samling der deltakarane syng seg gjennom stubbar, viser, slåttesteiv og båndullar frå Telemark med Anne Gravir Klykken som kursleiar. Kurset vil sveipe innom stiltrekk og historie knytta til songforma. Kurset kan passe både for deg som er nybyrjar, og for deg som er meir trenad!

### **Kurs i firfletting med Torhild Aavik**

**Sundag 14. august :: Evju bygdetun :: Kl 11.00-15.00**  
485,- [inkl. materialar] :: 8 plassar

Har du lyst til å få ei innføring i firfletting? I gamle dagar var firfletting ein kjend teknikk over heile landet. Firfletting er i dag raudlista av Norges husflidslag. Det er snart slutt på folk som kan firflette på gamlemåten. Det ønsker me å gjere noko med! På dette fire timar lange kurset vil du lære å lage ei firflette på gamlemåten. Du vil også lære å firflette grunnbinding for å lage flater med teknikken. Vi arbeider vidare kreativt i ulike materialer og eksperimenterer to- eller tre-dimensjonalt.

Kurshaldar er Torhild Aavik frå Bø. Ho har lang erfaring med å halde kurs om firfletting!

### **Kurs i syng av bringeklutskjorte med Anne Lise Holte**

**Sundag 14. august :: Evju bygdetun :: Kl 11.00-16.00**  
485,- :: 6 plassar

Har du med beundring kikka på dei fargerike bringeklutskjortene som mange i Bø brukar til stakk og liv eller beltestakk? I år får du sjansen til å saume di eiga skjorte. Bringeklutskjorta er eit enklare alternativ til den høgstemte brodera skjorta i kvit bomull, og du kan saume den i ulike stoff som blomstra bomull, fløyel eller silke. Anne Lise Holte er ei erfaren syerske og vil vere instruktør på kurset.

Obs! Deltakarane må kunne beherske grunnleggande saum av klede, og må sjølv ta med stoff (3 meter), symaskin og sysaker.



Foto: Kari Ulmer

## FAMILIEDAG PÅ EVJU BYGDETUN

SUNDAG 14. AUGUST :: EVJU BYGDETUN :: KL 12.00-14.00 :: GRATIS!

### **Spel, dans og moro på Evju!**

Evju bygdetun er ein historisk gard med verna kulturlandskap på Sætersbø mellom Bø og Gvarv. Evju Bygdetun arrangerer utstillingar, kurs, konsertar, foredrag, aktivitetsdagar og matdagar. Stiftinga driv jord, skog og forvaltar 16 gardshus med aktivitetar knytt til formidling av kulturarv mot barn og unge, lokalbefolkning og turistar. Bygdetunet gjev husrom til fleire frivillige interessegrupper med ulike aktivitetar gjennom heile året. Evju bygdetun er såleis eit unikt utgangspunkt for å formidle lokal og regional

kulturarv i Telemark - og ein naturleg samarbeidspartnar for Telemarkfestivalen.

I lag vil me ønskje velkomen til ein hyggeleg familiedag på Evju bygdetun med musikk, dans, artige aktivitetar og god mat og drikke.

**Meir detaljert program kjem!**



## BORGJAKONSERTEN: «BØHERINGSPELET»

SUNDAG 14. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 15.00 :: 365,-

### Boka i konsertformat!

Bøheringsspel – kva er det? Dette spørsmålet stiller forfatter Asbjørn Storesund i boka Bøheringsspelet som kom ut hausten 2021. Storesund, opphavleg bergensar, kom til Bø i 1974 då han vart tilsett ved Telemark distriktshøgskule. Han kom tidleg i kontakt med folkemusikkmiljøet i bygda og var aktiv i spelemannslaget Bøheringen både som spelemann og leiar. Interesse for tradisjonen i Bø stakk djupt. Han byrja å samle inn tradisjonsstoff både munnleg og skriftleg. Dette mangeårige innsamlingsarbeidet har resultert i fleire utgjevingar, med Bøheringsspelet som den mest omfattande. Utgjevar er Folkemusikkarkivet i Telemark, med Kari Lønnestad som viktig samarbeidspartnar. Storesund fekk nyleg Rikard Berges pris for boka.

Det er ikkje så uvanleg at ei bok blir filmatisert, men kan hende ikkje like vanleg at ei bok blir «konsertifisert». Ideen bak Borgjakonserten på Telemarkfestivalen 2022 er å presentere Bøheringsspelet i eit konsertformat. Gjennom samtale med forfatter Asbjørn Storesund skal vi reise attende til 1700-talet og tidlege musikalske impulsar, frå tradisjonen på Heia

via sentrale spelemenn som til dømes Myllarguten og Flatland-spelemennene, Lars Fykerud, Gunnulf Borgen, Kristiane Lund og Anund Roheim, fram til reisa sluttar om lag 1980.

Tre spelemenn med forankring i bøheringstradisjonen, Per Anders Buen Garnås, Gudrun Straand og Alf Tveit, skal spela utvalde slåttar som forfattaren har ønskt seg. I den musikalske reisa skal vi også sjå bilete av utøvarar og stader i forteljinga om bøheringsspelet og kan hende får vi svar på spørsmålet Asbjørn Storesund stilte.

I samarbeid med Folkemusikkarkivet i Telemark.

#### Medverkande

**Per Anders Buen Garnås** - hardingfele

**Gudrun Straand** - hardingfele

**Alf Tveit** - hardingfele

**Asbjørn Storesund** - forfatter

**Kari Lønnestad** - foto

**Anne Svånaug Blengsdalen** - programleiar og produsent

## FILMSALONGEN: «TIL STEDE»

SUNDAG 14. AUGUST :: BØ KINO, GULLBRING :: KL 17.00 :: 125,-

### Premiere på folkemusikkdokumentar


I 2021 presenterte Telemarkfestivalen og Evju bygdetun eit nytt konsept i lag: «Evju Sessions» – der to utøvarar budde på Evju bygdetun for å lage ny musikk i lag. Første par ut var spelkvinnene Johanna Seim og vokalisten Marianna Sangita. Dei presenterte eit fint stykke ny musikk i skjeringspunktet mellom folkemusikk og ekstravagant pop-musikk under fjorårets festival. Men vel så viktig som resultatet var sjølve prosessen knytt til skapinga. Korleis går utøvarane fram i ein slik kreativ prosess? Korleis jobbar dei med kvarandre? Johanna og Marianna sitt samarbeid blei dokumentert med kamera, og no er folkemusikkdokumentaren «Til stede» klar for premierevising.

«Til Stede» er eit visuelt dikt om natur, kreativitet og identitet – skapt for å vekke inspirasjon og debatt. Filmen tek utgangspunkt i temaet folkemusikk og set gamle hardingfeletradisjonar frå Telemark i eit nytt perspektiv, og den stiller overordna spørsmål om korleis vere menneske i dag; behovet for å vere i kontakt med naturen, trongen til å skape noko eige

og uttrykke seg sjølv, og ønsket om fellesskap og det å føle seg i live.

Etter filmvisinga blir det panelsamtale om filmen med regissør og produsent Johanna Seim med fleire som vil gå nærare inn på tematikken i filmen.

I samarbeid med Filmsalongen og Bø kino.



# FESTIVALLEIING I PRAKSIS - KORLEIS SER FRAMTIDAS FESTIVALAR UT?

FREDAG 19. AUGUST :: KROA I BØ :: KL 10.00-14.00 :: GRATIS!

Ei av Telemarkfestivalen sine viktigaste oppgåver er å ta vare på og halde liv i folkemusikken. Folkemusikken er eit levande kulturuttrykk i stadig utvikling, og samstundes er den ein viktig del av kulturarven vår. Telemarkfestivalen og andre såkalla nisjefestivalar i Noreg skapar til sine festivalar med særeigne, kunstnariske ambisjonar og forskjellige økonomiske vilkår. Dei siste åra har pandemien sett kulturlivet på prøve, og festivalane kunne ikkje gjere det dei eigentleg skulle. Krig i Ukraina og uro i verda fører med seg uvisse. Prisane stig, og det er usikkert om folk kan og vil gå på konsert i same grad som før. Korleis påverkar dette festivalane?

I samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og Telemarkforskning inviterer Telemarkfestivalen til eit seminar der me vil rette fokus mot korleis det har vore å skipe til festival i krevjande tider, og me vil òg rette blikket framover - korleis ser framtidens festivalar ut?

Seminalet vil innehalde innleiingar og presentasjonar, samt ein panelsamtale med representantar frå festivalar og andre aktuelle organisasjonar.

**Meir detaljert program kjem!**

*Seminalet er eit samarbeid mellom:*



*Seminalet er særskild støtta av Fritt Ord og Senter for folkemusikk og folkedans. Me takkar!*



Foto: Ørnulf Utler

**Takk til  
sponsorar,  
samarbeids-  
partnarar  
og frivillige!**

Våre støttespelarar:



## OVERNATTING OG TURISTINFORMASJON



### BØ HOTELL MIDT I BØ SENTRUM

Gullbringvegen 32 / 35 06 08 00  
post@bohottell.no  
www.bohotell.no



### BØ CAMPING

Lifjellvegen 51 / 35 95 20 12  
bocamping@bo.online.no  
www.bocamping.no



### BEVERØYA HYTTEUTLEIE OG CAMPING

Gvarvvegen 80 / 35 06 18 81  
post@beveroya.no  
www.beveroya.no



### LIFJELLSTUA

Lifjellvegen 934 / 35 95 33 80  
lifjellstua@lifjellstua.no  
www.lifjellstua.no



### NORSJØ FERIELAND

Liagrendvegen 71, Akkerhaugen  
35 95 84 30  
post@norsjo-ferieland.no  
www.norsjo-ferieland.no



### AASGRAV FAMILIECAMPING

Gvarvvegen 205  
35 95 01 95  
post@aaasgravcamping.no  
www.aaasgravcamping.com

## RESTAURANTER OG KAFÉAR

### HUSLY

INTERIØR OG KAFÉ

#### HUSLY

Bøgata 61 / 475 13 575

Ope mån-laur kl 10.00-16.00  
Nyt lunsj eller middag i flotte  
omgjevnader. Uteservering.



#### PIZZAFJOSET

Bøgata 11 / 35 95 00 12

Ope mån-fre kl 15.00-22.00, laur-sun kl 13.00-  
22.00. Pizzabuffet kvar dag. Steakhouse/  
familierestaurant. A la carte. Uteservering.



#### DATTEBAYO

Folkestadvegen 1 / 35 95 20 00

Ope mån-tors kl 12.00-21.00, fre-laur  
kl 12.00-22.00 og søndag kl 14.00-21.00.  
Sushi og wok.



#### AARNES KAFETERIA SENTERKROA

Bø senteret / 35 95 57 33

Ope mon-fre kl 10.00-19.00,  
laur 10.00-18.00. God variasjon i middag,  
smårettar, smørbrød og kaker.



#### SUM YEE CHINESE RESTAURANT OG BAR

Stasjonsvegen 28 (Bø senteret)  
35 95 00 01

Ope mån-laur kl 11.00-22.00, søndag  
kl 14.00-22.00. Kinesisk kvalitetsmat!



#### PROVENCE RESTAURANT

Bøgata 70 / 35 95 35 96

Ope ons-tors kl 12.00-22.00, fre 12.00-24.00,  
laur 13.00-24.00 og søndag 14.00-21.00.  
Fransk mat i Midt-Telemark!

Kos dere med fine opplevelser på Telemarkfestivalen.

Vi gleder oss til å skape gode festivalminner sammen med dere.

- Stolt sponsor og bestevenn.

**SpareBank 1**  
SØRØST-NORGE



**SLIPP LØS  
HÅNDVERKEREN  
I DEG**



**BYGGMAKKER**

BØ  
Grivisvingen 2, 3802 Bø i Telemark  
Tlf: 35 06 19 00 - Åpent: 7-18 (9-15)

[www.byggmakker.no](http://www.byggmakker.no)

**VÅR KRAFT**

**- DIN ENERGI**

TELEMARK  
**energi**

[tenergi.no](http://tenergi.no)

 **Kraftriket**  
Telemark

[kraftriket.no](http://kraftriket.no)

**SOMMERENS  
BESTE  
UTVALG**



Du finner oss  
på Bø Senteret!

 Meny Bø

**MENY**

**9-21 (20)**

**SYSTEMBLOKK**

**DIN PROSJEKTPARTNER**

Systemblokk er en totalleverandør av betongprodukter for hjem, utemiljø, bygg, anlegg og landbruk.

[www.systemblokk.no](http://www.systemblokk.no)

f i

**Bygg ditt hjem i hjertet av Telemark**

De byggeklare tomtene ligger attraktivt til med flott utsikt og solrike forhold. Blant naturskjønne omgivelser, lekeplasser, idrettsbaner, lys- og turløyper, har du alt du trenger innen rekkevidde. Kun to timer fra Oslo og med kort avstand til Grenland.

Velkommen til visning!

**NORDBØÅSEN**

**DEN NORSKE HYTTEDRØMMEN.**

I snart 50 år har vi jobbet med den norske hyttedømmen. Flere av våre modeller er klassikere i den norske fjellheimen og i dag har vi kanskje landets største utvalg av hytter på fjellet, i skogen og ved sjøen.

For noen år siden tok vi skrittet og startet med hus. Nå bygger vi så vel tradisjonelle som moderne. Alle med lidenskap for tradisjoner, soliditet og spesielt gode planløsninger. Det siste er kanskje vår største suksess.

**BUEN®**  
buenhytter.no

**Sønstebø Tunet**

WWW.SØNSTEBØTUNET.NO  
3800 BØ  
TELEFON: 35 06 10 90

Miljøytørn  
f i

• Bø Regnskap .....	91 38 44 88	• Sønstebø Profil .....	47 32 62 55	• Princess .....	35 06 10 95
• Cubus .....	35 06 10 91	• Sønstebø Sport .....	35 95 01 02	• Tango Frisør .....	35 95 00 06
• Eurosko .....	35 06 10 92	• Kaoz .....	35 06 10 92	• Varden .....	97 68 86 94
• Extra/Post i butikk .....	35 95 23 84	• Känn 2 .....	35 06 10 90	• Vinmonopolet .....	23 97 16 60

**ÅPNINGSTIDER I BUTIKKENE**

**MANDAG-FREDAG .....** 10:00-18:00  
**LØRDAG .....** 10:00-16:00

**EXTRA** **Post i butikk**  
**MANDAG-LØRDAG .....** 07:00-23:00

**VINMONOPOLET**  
**MANDAG-TORS DAG .....** 10:00-17:00  
**FREDAG .....** 10:00-18:00  
**LØRDAG .....** 10:00-16:00

*Velkommen til Tunett!*

**Ta vare på lokalbutikkene – velkommen til en hyggelig handel hos oss!**

# PROGRAM

## ONSDAG 10. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris	Stad
Bjørn Tomren	19.00	455,-	Gullbring, Storsalen

## TORSDAG 11. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris	Stad
Gygrene: «Draum»	19.00	335,- / 495,-	Gullbring, Storsalen
Festivalkviss	20.00	Gratis!	The Bull Inn
Norsk kvedarforum - 20 år: «Jubileumskonsert»	21.00	285,- / 495,-	Gullbring, Framstugo

## FREDAG 12. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris	Stad
Lars-Ingar Meyer Fjeld & Alf Tveit: «Venås-felene»	16.00	285,-	Gullbring, Framstugo
UngFOLK	17.30	Gratis!	Gullbring, Framstugo
Opningskonserten	19.00	365,- / 655,-	Gullbring, Storsalen
Festivaldans	21.00	155,-	Gullbring, Framstugo
Annbjörg Lien & Catriona Macdonald med vener	22.00	335,- / 655,-	Gullbring, Storsalen
<b>Tingingsverket: «Draumjorun»</b>	<b>23.30</b>	<b>285,- / 655,-</b>	<b>Gullbring, Galleri Stadskleiv</b>

## LAURDAG 13. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris	Stad
Torgfestivalen - familiedag med aktivitetar og gratiskonsertar	11.00-16.00	Gratis!	Torget
Mattis Kleppen + Thov Wetterhus	14.00	285,-	Konsertlåven, Nordbøvegen 10
Gjertruds Sigøynerorkester & Helge Jordal m/Akantus og Skien operakor	16.00	335,-	Gullbring, Storsalen
Frida Ånnevik	19.00	395,- / 655,-	Gullbring, Amfiet
Daniel Norgren	ca 22.00	395,- / 655,-	Gullbring, Amfiet
Sliteneliten	ca 00.00	Same billett som Norgren	Gullbring, Framstugo

## SUNDAG 14. AUGUST

Arrangement	Kl	Pris	Stad
Kursprogram	11.00-14.00	335,- / 485,-	Evju bygdetun
Familiedag på Evju bygdetun	12.00-14.00	Gratis!	Evju bygdetun
<b>Borgjakonserten: «Bøheringsspelet»</b>	<b>15.00</b>	<b>365,-</b>	<b>Gullbring, Storsalen</b>
<b>Filmsalongen: «Til stede»</b>	<b>17.00</b>	<b>125,-</b>	<b>Gullbring, Kinosalen</b>

**Festivalpass: 2035,- / Kveldspass torsdag (frå kl 19.00) 495,- / Kveldspass fredag (frå kl 19.00) 655,- / Kveldspass laurdag (frå kl 19.00) 655,-**

\* Alle billetter til alle arrangement selgast via Gullbring kulturhus.

\* Alle prisar er ink. bill. avg.

\* Born til og med 14 år har gratis adgang. Frå og med 15 år gjeld ordinære prisar. Personer under 18 år må gå i følge med foreldre/foresatte

\* Alle tidspunkt markerer konsertstart. Publikum bør kome i god tid før konserten startar.

## Takk til sponsorar, samarbeidspartnarar og frivillige!



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway




Vestfold og Telemark  
FYLKESKOMMUNE



Midt-Telemark  
kommune



Kraftriket  
Telemark



SpareBank  
SØRØST-NORGE

# Telemarkfestivalen